

Gabriel Fliflet

- Fødd i 1958, på Åland i Finland. Bur i Bergen.
- Bror til bass- og sagspelar Andreas Fliflet.
- Fliflet har samarbeidd med ei rekke musikarar: Ole Hamre, Berit Opheim Versto, Sondre Bratland, Willie Hunter og Maurice Henderson.
- Vert for klubbstaden Columbi Egg i Bergen.
- Har motteke Vossajazzprisen (1994).
- Kjem med ny plate: *Åresong*.

Å vere i musikk

Den formiddagen eg besøkjer Gabriel Fliflet, tek Bergen til å likne på seg sjølv att; nedbøren klarer ikkje bestemme seg om han vil vere regn eller snø.

FLIFLET OPNAR DØRA og liknar også på seg sjølv. Han låner meg ullsokkar og skjengkjer kaffi, og eg blir ståande og gle meg over at arbeidsrommet hans er fullt av kassetar.

Høyrer du framleis på kassetar, lurer eg. Men Fliflet seier at han faktisk ikkje høyrer så mykje på musikk lenger. Overdose, seier han. Forholdet til musikk er likevel eit livs-langt eit.

– Det har vore der så lenge eg kan hugse. Eg kan ikkje sjå for meg anna enn at det vil vare frå fødsel til død. Då eg vaks opp, var det mykje musikk rundt meg. Far min var ein habil amatørmusikar, han hadde stor peiling og interesse. Og mor mi song svært mykje, sjølv om ho ikkje akkurat var nokon meistersongar. Ho hadde ei eiga evne til å skifte toneart fleire gongar i løpet av same song.

Det ikkje fullkomne er noko som opptek Gabriel Fliflet. No er det vel få av dei muskarane han samarbeider med i dag, som byter toneart midt i, men litt rufs skal det gjerne vere.

– Eg synest oppriktig synd på folk som må spele slik andre har sagt at dei skal gjere. Eg håper verkeleg ikkje dei lid sjølve! For meg handlar ikkje god musikk om at

folk kan å spele. Eg speler mange feil, men er god til å dekkje over det, seier han og flirer.

– Ein må skilje musikalitet frå tekniske ferdigheiter. Då eg var yngre, ropte eg hal-leluja dersom nokon spelte veldig fort. No synest eg det er nokså kjedeleg. Folkemusikken er rufsete, slik blues og country også er det – eller må vere det dersom han skal vere god. Det går jo heilt gale dersom blues og country blir glatt.

Eg lurar på om dette ikkje-glatte kan vere noko som ligg i sjølve karakteren i folkemusikken?

– Ja, om det er glatt, er det neppe folkemusikk. Det er nesten uråd å definere folkemusikk musikalsk og sosiologisk, men det er i alle tilfelle noko som har funnest lenge, og det har vore av eit lite format. Sjela i folkemusikken kling best når du opplever henne veldig tett innpå.

OGSÅ SOM VERT for Folkemusikkklubben Columbi Egg legg Fliflet vekt på nærleiken til musikken. Han vil ikkje flytte til eit mindre intimt lokale, sjølv om det av og til kan bli så fullt at nokon ikkje får plass. Eit slikt syn står i kontrast til tankegangen bak dei nye lokala til Riksscenen i Oslo, der største salen rommar opptil 300 menneske.

– Nærleiken til musikken er det viktigaste poenget med Columbi Egg, understrekar Fliflet.

– I buskspelet har folkemusikken teke vare på noko opphavleg og allmenmenneskeleg, som har gått tapt i dei fleste andre musikkjangrane. Litt av den same stemninga finst på Columbi Egg. Musikarane står på golvet, med publikum på tre sider. Det finst inga lydforsterking. Folk lyttar konsentrert, samtidig som dei lett blir begeistra, og elsker allsong. Vi har konsertsal og kro i eitt, kan du seie.

– Er det ei like stor glede å vise fram god musikk som det er å spele musikken sjølv?

– Begge delar er eit privilegium. Eg er oppriktig takknemleg, både over å få spele og presentere god musikk til folk.

Gabriel Fliflet fekk sitt første trekkspel då han var sju år. Han har spelt piano sidan han kunne nå opp til tangentane. Eg vil gjerne vite om det finst opplevingar som skil seg ut som spesielt sterke i dette samlivet med musikken.

– Det var ein sommar vi var på hytta vår utanfor Kongsberg, seier Fliflet etter å ha tenkt litt. – Eg var ni år.

Ut av hylla med LP-plater trekkjer han

ein liten plastpose med noko tynt og rektangulært i.

– Har du sett noko slikt før? spør han og rekkjer meg eit stort postkort med bilete av ein by på. Eg har ikkje sett noko slikt før; det er eit postkort, men også ei plate. Han legg pappbiten på platespelaren og set ned stiftene, og etter litt kjem musikken – etnisk populærmusikk i sigøynerstil, etter det Fliflet seier. Faren fekk denne postkortplata av nokre ungarske venner, ho kom i posten,



Då eg var sjuk, var spelinga det einaste som ikkje gjorde meg sliten

og dei gjekk til den næraste garden for å få høyrte henne.

– Eg syntest songen var utruleg tøff!

Eg synest også songen er tøff, men kanskje er konseptet postkortplate enda tøffare.

I 2011 ER GABRIEL Fliflet sjølv den som gjer veldig inntrykk. Det siste prosjektet hans heiter *Åresong* og var opphavleg eit bestillingsverk til Festpillene i Bergen. No kjem musikken i albumutgåve, etter både metaforisk og bokstavleg ståande applaus på konsertane.

– Eit prosjekt startar alltid ved pianoet eller trekkspilet. Eg legg hendene der dei

skal vere, og ser kva som skjer. Ofte finn eg grunnrisset i melodien nokså fort – men eg bruker lang tid på dei små endringane, dei som skil dei *verkeleg* gode melodiane frå dei gode eller dei ubrukelege. Men eg gir også rom for musikarane eg jobbar med på kvart prosjekt. Eg verken kan eller vil gjere noko heilt ferdig, og å jobbe med gode musikarar er alltid veldig fascinerande. Dei kjenner instrumentet sitt og evnene sine betre enn eg. Det er best at folk får gjere det dei er best til.

Fliflet meiner den lyttande, opne haldninga på *Åresong* er henta frå buskspelet, medan melodiane ikkje nødvendigvis kling som klassisk folkemusikk.

– Albumet er spelt inn med live-attityde. Vi ville ikkje skusle vekk alt det gode rufset, seier han.

– Eg var også oppteken av å spegle tekstane til Jon Fosse: korte, små bitar av verda. Derfor var det viktig at musikarane skulle ha røyser med karakter og særpreg, så kunne dei byte på å fortelje historia. Men ingen av oss er trenarar; det gjer det kanskje lettare å spegle innhaldet. Forteljararen skiftar mellom kjønna, byter alder.

– Du snakkar om mor di som song heile tida, men ikkje var nokon stor songar; du syng sjølv på platene dine og vil at dei andre musikarane skal gjere det same, sjølv om ingen av dykk eigentleg er songarar. Er det viktig for deg, at folk syng?

– Eg synest det er bra at mange syng ofte. Det som gjer ei stemme interessant, er ikkje at ho er pen – av og til er det stikk motsett. Det finst jo alltid nokon som syng vakkert og samtidig formidlar sjel – men det er heller på trass av enn på grunn av at dei syng vakkert. Kanskje er det slik at folk med veldig vakre stemmer burde syngje ikkje-vakre melodiar, medan folk med ikkje så vakre stemmer burde syngje dei mest smektande melodiane?

Eg nikkar ivrig til dette. Fliflets eiga kauking på albumet *Rio Aga* er noko av det finaste eg veit. Kanskje blir formidlinga så god når ein har musikken som si fremste energikjelde.

– Musikken har vore den beste energigivaren du kan tenkje deg. Då eg var sjuk, var spelinga det einaste som ikkje gjorde meg sliten, seier Gabriel Fliflet.

Dansevitenskap ved NTNU tilbyr mangfaldige og spanande kurs hausten 2011. Det dreier seg om heile utdanningar på både bachelor- og mastergradsnivå, samt enkeltemne og vidareutdanningskurs.

Velkommen
til eit dansande studium!



Samlingbaserte deltidsemne:

Folkedansmetodikk I og II, 15 stp

I desse emna vil du utvikle ei analytisk og praktisk tilnærming til folkeleg danseteknikk, og er krutt for deg som vil undervise i dans.

Søknadsfrist 15. mai.

Dansens historie og estetikk, 15 stp

Lær meir om europeisk dansehystore og dansehystorisk teoridanning!

Søknadsfrist 15. mai.

Fulltidsstudium:

Nordisk mastergrad i dans – NoMAds

Søknadsfrist 15. april.

Opptak til alle emna gjennom NTNU sin søknadsweb.

For informasjon:
www.ntnu.no/musikk
dansevitenskap@hf.ntnu.no

NTNU
Det skapande universitetet

NTNU-tykk - 2011

Etablering og drift av konsertscener – del 2 18.–19. mars 2011 på Riksscenen i Oslo

RKØ inviterer små og store konsertarrangørar innan alle sjangrar til seminar. Oppfølging av samlinga i Valdres hausten 2010 – ope også for nye deltakarar.

FREDAG 18. MARS

18:00 Middag og mingling før konsert med *Åresong/Benedicte Maurseth Band*, Riksscenen

LAURDAG 19. MARS

10:30 – 18:00 Arrangørseminar på Riksscenen:

- Konsert og kommers på Rudi gard i Gudbrandsdalen, *Øystein Rudi (spelemann og kulturgardbrukar)*
- Frå scene til scene – livet på vegen, *Jorun Marie Kvernberg (frilansar)*
- Arrangøren som samfunns påverkar og stadsutviklar, *Runar Eggesvik (tidl. By:larm, Træna, Øya, Dugnad for Haiti)*
- Booking og programbygging på Riksscenen for folkemusikk, joik og folkedans, *Helge Skansen (dagleg leiar for Riksscenen)*
- Fargespill – med stjerner i øynene, *Ole Hamre (komponist og musiker)*
- Sjangerfri og utan eiga scene, *(Konsertforeninga Havresekken)*
- Paneldebatt: Konsertarrangøren i 2011 – ei oppskrift på fulle hus?
Ordstyrar: *Arnfinn Bjerkestrand (kulturkampgeneral)*

Påmelding, deltakaravgift og oppdatert program på www.rytmisknettverk.no. Frist: 15. februar.

Arrangør: Rytmsk kompetansenettverk for Østlandet (RKØ)

RKØ
Rytmsk kompetansenettverk Østlandet